



Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/558 - 21/5821

Sakshandsamar:
Sveinung Toft
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:
01.07.2021

Supplerende brev til tidlegare innsendt krav om vilkårsrevisjon av Matrevassdraget og Haugsdalsvassdraget i Masfjorden kommune m.fl.

Masfjorden kommune syner til krav om vilkårsrevisjon av Matrevassdraget og Haugsdalsvassdraget i brev av 8. april 2020, sjå vedlegg. Kommunen har denne våren bedt om innspel til revisjonssaka fra berørte allmenne interesser i kommunen. I dette brevet blir kommunens krav av april 2020 supplert med dei innspela kommunen har motteke så langt denne våren.

I tillegg kommenterer kommunen at miljømålet for nedre del av Matreselva må nåast innan kommande planperiode.

Kommunen saknar ei attendemelding på at tidlegare brev av 08.04.21 er motteke av NVE og kva for prosess det vert framover.

Innspel frå allmenne interesser

Innspel frå dei allmenne interessene er lagt ved brevet. Desse er:

- Indre Masfjorden Sankelag
- Masfjorden Sau og Geit
- Havforskningsinstituttet
- Høyanger kommune

Indre Masfjorden Sankelag peikar på utfordringar med å sanke dyr ned frå fjellet om hausten fordi vasstanden er høg, både i elvar og magasin. Dette gjeld særleg i Mosedalsvassdraget og Norgjelvassdraget frå Holmevatnet. Sankelaget foreslår følgjande løysing:

Betre regulering, slik at ein unngår flaumtoppar, og bygging av bruer der dyra skal sankast. Desse må byggjast ved innlaup til 2. Mosedalsvatn, 1. og 2., 2. og 3. Nordgjelvatn, utløp 1. Nordgjelvatn og mellom Smådalsvatn og 1. Nordgjelvatn(Den siste som alternativ sankerute).

I Hopsstølsvatnet blir det slept vatn ut på isen på etterm vinteren, noko som gjer at ein ikkje kan bruke isen som transportveg når ein skal transportere utstyr opp i fjellområda. Det er òg eit problem for sankelaget, og laget ønskjer at det ikkje skal sleppast vatn på isen om etterm vinteren og våren.

Ved tunnelen inn i Hopsstølsvatnet (1. Nordgjelvatn) er det, på grunn av utfylling, utfordrande å sanke sauer langs vatnet. Sankelaget meiner BKK her burde ha laga ein sanketrasé langs vatnet. BKK har tidlegare lova å gjere dette.

Masfjorden Sau og Geit har peika på nokre av dei same utfordringane som sankelaget: I periodar med mykje nedbør er det ønskjeleg at kraftverka køyrer for fullt slik at vassmengdene i magasin og elvar blir lågare. Masfjorden Sau og Geit skriv at det er ønskjeleg med bruer dei stadene det kan vere vanskeleg å få dyr og menneske over:

I Matrevassdraget gjeld det:

- Holmevatnet og nedover
- Frå Kvanngrøvatnet og ned Måsedalen.

I Haugsdalsvassdraget gjeld det:

- Øvre Langavatn til Vemundsvatn
- Frå Vemundsvatn til Godbotsvatnet.

Havforskningsinstituttet (heretter HI) har sendt innspel til revisjonen av Matre- og Haugsdalsvassdraga, som gjeld HI sitt behov for vatn i forskingsstasjonen i Matre. HI har eit behov for 16 000 liter ferskvatn per minutt. BKK sin bruk av vatnet oppstrøms bestemmer bruken av vatn nedstrøms, mellom anna i forskingsstasjonen. HI ber om at NVE og OED i revisjonssaka gjer ein vurdering av korleis vatnet skal nyttast og delast mellom dei ulike interessa i vassdraget. Det er mykje meir tilsig og nedbør til vassdraga no enn då kraftproduksjonen starta opp. HI sitt syn er at dette vatnet må delast mellom dei interessene som nyttar vatnet.

HI viser til at då forskingsstasjonen starta opp i 1971, så vart kraftverka køyrt på ein helt anna måte enn tilfellet er i dag. Etter at Matre H ble ferdig ombygd i 2016 er det forutsett at kraftstasjonen i

større grad skal produsere når marknadsprisane er høge. Det har medført ei meir ustabil vasstilgang for HI.

HI har – i tillegg til uttak frå Matre M sin driftstunnel – vassuttak frå Matreselva. Det er difor viktig for HI at det vert sett ei minstevassføring i Matreselva, både av omsyn til å reetablere anadrom strekning, og for å sikre vasstilgangen til den viktige forskingsstasjonen.

Høyanger kommune har òg kome med innspel til revisjonssaka. Innspelet gjeld at ein i samband med revisjonen må vurdere korleis reguleringane verkar inn på miljøtilstand i vassdrag med drenering til Sognefjorden.

Vassforvaltningsplanane for Vestland

I førre planperiode vart Matreselva nedre del sett opp i vedlegg 2 i Klima- og miljødepartementet sitt godkjenningsskild for Hordaland vassregion av 4. juli 2016:

067-179-R	Matreselva nedre del	SMVF	MØP	GØP	2033
-----------	-------------------------	------	-----	-----	------

Fristen for å oppnå Godt Økologisk Potensial er her sett til 2033, sjølv om regelen i vassforskrifta er at miljømålet skal nåast innan seks år, jf. vassforskrifta § 8 første ledd:

«Miljømålene i § 4–§ 7 skal i utgangspunktet nås innan utgangen av den til enhver tid gjeldende planperiode. (...).»

Det er mogleg å gjere unntak dersom «*vesentlege kostnader eller andre tungtveiende hensyn vanskeliggjør oppfyllelse av miljømålene innan fristen i første ledd*», jf. § 8 andre ledd.

I departementet si godkjenning vart målet for Matreselva utsett til 2033 fordi det ikkje var fremma revisjonskrav per 4. juli 2016. Kommunen meiner det ikkje er høve til å utsette miljømålet utan at myndigheitene gjer ei konkret vurdering av om vilkåra er oppfylt i kvart enkelt høve. Dersom NVE no opnar revisjonssaka kan ein auke minstevassføringa på strekninga i kommande planperiode, slik at miljømålet kan verta oppnådd. I alle høve er det ingen grunn til å utsetje naudsynte miljøforbetringar til 2033, når ein kan få til miljøforbetringar seinast innan slutten av 2020-talet.

Masfjorden kommune meiner det er viktig å prioritere miljøforbetringar særleg på anadrome strekningar, og at det ikkje er miljøverdiane som skal lide/forringast fordi det tilfeldigvis ikkje vart fremja krav om revisjon innan juli 2016.

Kommunen er bekymra for at om miljømålet tidlegast skal nåast først i 2033, så blir det ei kvilepute for gjennomføringa av revisjonssaka. Kommunen minner om at Matrevassdraget er satt i prioritet 1.1, særleg fordi påverkinga på fisk er stor, samstundes som at krafttapet vil vere svært lågt samanlikna med dei miljøverdiane ein vinn ved å sleppe vatn. Når ein kan oppnå gode resultat for

særleg villaksen – der Noreg har ein vesentleg del av bestanden i Europa – meiner kommunen at myndigheitene ikkje har høve til å utsetje miljømålet på generelt grunnlag.

Ein kjenner ikkje konsekvensane av å ikkje gjere tiltak no, og bestanden av vill-laks i Matreselva kan bli ytterlegare svekka dersom revisjonen vert utsett. Masfjorden kommune ber med dette om at vilkårsrevisjon vert opna snarast i desse vassdraga.

Med helsing

Sveinung Toft
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Høyringsuttale - vilkårsrevisjon for Matrevassdraget og Haugsdalsvassdraget

Høyringsutale - Indre Masfjorden Sankelag - vedlegg1.docx

Innspel til sak om revisjon - miljøforbetringar - i Matrevassdraget og Haugsdalsvassdraget

Innspill til revisjonssakene fra Havforskningsinstituttet

Tilbakemelding orientering om sak om revisjon - miljøforbetringar i Matrevassdraget og Haugsdalsvassdraget

Krav om revisjon av konsesjonsvilkår knytt til vassdragsreguleringar i Matrevassdraget og

Haugsdalsvassdraget

Kopi til:

Advokatfirmaet Lund & Co DA

Postboks 1148

0104

OSLO

Sentrum

Advokatfirmaet Lund & Co DA

Frank Jørgensen

Mottakarar:

Norges Vassdrags- og
Energidirektorat (nve)

Postboks 5091
Majorstua

0301

OSLO